

---

Saksnr: 2020/36813-33  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

**Oppfølging frå eigar - Selskapskontroll av Grieghallen IKS****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå **fylkesordførar** om oppfølging av selskapskontroll av Grieghallen IKS til orientering.
2. kontrollutvalet seier seg nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskjer lukke til vidare.

**Samandrag**

Denne saka er kontrollutvalet si sjette oppfølging av vedtak gjort i fylkestinget 12.12.2018 når det gjeld **fylkesordførar si tilbakemelding** på selskapskontroll av Grieghallen IKS.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Tilbakemelding om oppfølging av selskapskontrollen av Grieghallen IKS
- 2 Eigarstrategi for Grieghallen IKS vedteken av VLFK 26.03.21 og Bergen kommune 08.04.21

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 107/2018 i møte 12.12.2018:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS ber fylkestinget **fylkesordføreren** syta for å:

1. Følgje opp KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:
  - a) grunngjeving av val av styremedlemmar.
  - b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.
  - c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.
2. Sikre at talet på styremedlemmar er i samsvar med inntomsel. § 4.
3. Oppdatere selskapsavtalen og sørge for at praksis er i samsvar med avtalen (mellom anna når det gjeld formulering om varamedlemmar, kva endringar som skal handsamast i fylkesting og bystyre, og val av styreleiar).
4. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.06.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Grieghallen IKS** ber fylkestinget styret syta for å:

1. Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med inntomsel. § 8 og selskapsavtalen.
2. Utarbeide økonomiplan i samsvar med inntomsel. § 20 og selskapsavtalen
3. Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med inntomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.
4. Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
5. Formalisere avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
6. Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.
7. Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.
8. Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkelskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomte.
9. Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.
10. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Denne saka **gjeld fylkesordførar si oppfølging** av selskapskontrollen. Selskapet si oppfølging av selskapskontrollen går fram av anna sak til dette møtet.

Fylkesvaraordførar i Hordaland fylkeskommune la på bakgrunn av vedtaka over fram sak for fylkestinget i Hordaland i sak PS 9/19 Oppfølging av Fylkestinget sitt vedtak i sak PS 107/18 - Selskapskontroll av Grieghallen IKS i møte 05.03.2019, der det vart gjort slikt vedtak:

1. Fylkestinget syner til tilbakemeldinga på dei enkelte vedtektspunkta frå sak 107/18, og tek oppfølginga til vitande.
2. Fylkestinget godkjenner at selskapsavtalen vert endra på følgjande 2 punkt
  - a) Selskapsavtalen for Grieghallen IKS § 6 endres og skal etter endringa ha slik ordlyd:  
"Styret har tre medlemmer. Styret velges for 4 år. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende"
  - b) Selskapsavtalen for Grieghallen IKS § 5, siste ledd endres og skal etter endringa ha slik ordlyd:  
"Representantskapet skal:  
Velge styrets medlemmer, herunder velge styrets leder og nestleder"

*Vedta budsjett, økonomiplan og godkjenne regnskap*

*Velge revisor*

*Fastsette godtgjørelse til representantskapets leder, styrets leder, og til begge organers faste medlemmer"*

*3. Kontrollutvalet følger selskapskontrollen vidare opp.*

*Saka frå fylkesvaraordførar inneheld også svar frå styret i Grieghallen IKS på dei punkta dei skulle følgje opp.*

**Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama handlingsplan etter selskapskontroll av Grieghallen IKS i møte 01.04.2019 der det vart gjort slikt vedtak:**

3. På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet **fylkesordførar** om å komme med ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 1 og 2b innan 07.10.2019.

Det vart ikkje motteke utfyllande svar på denne selskapskontrollen innan fristen som var sett til 07.10.2019 frå fylkesordførar, trass i fleire purringar.

**Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama difor saka om selskapskontroll av Grieghallen IKS på nytt i møte 25.11.2019 der det vart gjort slikt vedtak:**

2. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune oppmoder fylkesordførar i Vestland fylkeskommune om å komme med tilbakemelding på desse punkt som vart vedteke av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018 til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 20.01.2020.*
1. *Følgje opp KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:*
- a) *grunngeving av val av styremedlemmar.*
  - b) *rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.*
  - c) *registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.*

**I saksframstilling til møte i kontrollutvalet 13.02.2020 gjekk m.a. dette fram:**

**«Oppfølging frå fylkesordførar:**

Sekretariatet har motteke slikt svar frå fylkesordførar i e-post 02.02.2020:

*«Etter samtale med Roald, så er det mi tilråding at oppfølginga av selskapskontrollen av Grieghallen IKS vert teken med i arbeidet i valnemnda.»*

Slik sekretariatet ser det vil det vera føremålstenleg at vidare oppfølging av den delen av selskapskontrollen som gjeld fylkesordførar sitt ansvar vert teken med i arbeidet i valnemnda.

Tilbakemelding på desse tre punkta vert å levere sekretariatet slik at det kan handsamast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020:

*Følgje opp KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:*

- a) *grunngeving av val av styremedlemmar.*
- b) *rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.*
- c) *registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.»*

**På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet m.a. slikt vedtak i møte 13.02.2020:**

2. *Kontrollutvalet sluttar seg til at det er føremålstenleg at vidare oppfølging av den delen av selskapskontrollen som gjeld fylkesordførar sitt ansvar vert teken med i arbeidet i valnemnda vinter/vår 2020.*
3. *Tilbakemelding frå fylkesordførar på desse tre punkta vert å levere sekretariatet slik at det kan handsamast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020:*

*Følgje opp KS og Vestland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:*

- a) grunngjeving av val av styremedlemmar.*
- b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.*
- c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.*

**I saksframstilling til møte i kontrollutvalet 15.06.2020 gjekk m.a. dette fram:**

*Sekretariatet har motteke vedlagte notat dagsett 29.05.2020 frå fylkesordførar.*

*Punkt a) grunngjeving av val av styremedlemmar:*

*Når det gjeld dette punktet i notatet går det fram at det vart gjennomført representantskapsmøte i Grieghallen 25.05.2020. Det går vidare fram av notatet at det ikkje vart vald nye styremedlemmer i dette møtet og det er heller ikkje aktualisert kva prinsipp for val av styremedlemmer som skal leggjast til grunn.*

*Sekretariatet registrerer også at kontrollutvalet ikkje vart informert om representantskapsmøtet og fekk difor ikkje høve til å delta, jf. kommunelova § 23-6.*

*Punkt b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.:*

*For dette punktet går det fram av notatet at arbeidet med eigne eigarstrategiar for dei ulike selskapa vil ta til hausten 2020. Det går ikkje fram av notatet kva som er gjort i høve rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.*

*Punkt c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister:*

*Vestland fylkeskommune si eigarmelding har krav om at alle skal registrere sine verv i styrevervregisteret. Etter det sekretariatet kan sjå er dagleg leiar registrert i registeret. Når det gjeld noverande styremedlemmer har ingen av dei registrert sitt styreverv i Grieghallen IKS i styrevervregisteret.*

**På bakgrunn av denne tilbakemelding gjorde kontrollutvalet 15.06.2020 slikt vedtak:**

- 1. Kontrollutvalet ber **fylkesordførar** om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av desse punkta etter selskapskontroll av Grieghallen IKS til møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 25.11.2020.*

*Følgje opp KS og Vestland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:*

- a) grunngjeving av val av styremedlemmar.*
- b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.*
- c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.*

- 2. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 04.11.2020.*
- 3. Kontrollutvalet føreset at innkallingar til generalforsamling, representantskap og liknande organ vert send utvalet i god tid før aktuell møtedato, jf. kommunelova § 23-6.*

**Kontrollutvalet handsama ny tilbakemelding i møte 25.11.2020 der det vart gjort slikt vedtak:**

- 1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber **fylkesordførar** om ny skriftleg status i forbetningsarbeidet etter selskapskontroll av Grieghallen IKS gjennomført i 2018 slik at det kan handsamast i siste møte i utvalet før sumaren 2021.*
- 2. Sakstilfanget vert å sende sekretariatet innan 25.05.2021.*

## Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følge opp fylkestinget sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

## Vurderingar og verknader

Denne saka gjeld oppfølging av den delen av selskapskontrollen som **fylkesordførar som eigarrepresentant** har ansvar for. Den delen av saka som gjeld selskapet Grieghallen IKS si oppfølging vert handsama i anna sak i dette møtet.

På bakgrunn av vedtaket frå møtet i kontrollutvalet 25.11.2020 har vi motteke vedlagte notat med vedlegg frå fylkesordførar dagsett 19.05.2021.

Av notatet går det m.a. fram dette:

*«Status er at eigarane no har vedteke felles eigarstrategi for selskapet. Med eigarstrategien stiller eigarane krav om korleis styreval skal grunngjevast, at selskapet utarbeider rutinar for styrearbeid og at styreverv skal registrerast i KS sitt styrevervregister. Strategien skildrar også korleis eigarskapsutøvinga skal skje.»*

## Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesordførar til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskjer lukke til vidare.